



Møteprotokoll

Utval	Kraftfond
Møtestad	Møterom Trå og Skjeldal, Tinghuset
Dato	09.06.2026
Tidspunkt	kl 15:00 - 15:45

Frammøtte	Parti
Marit Wæhle	Ap
Stein Helge Mandelid	Ap
Terje Eide	INP
Øystein Måkestad	Krf
Bridget Penny	R
Håvard Skattum	Sv
Endre Evensen	UAV
Hilde Lussand Selheim	UAV

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Katrine Matthiessen	H	Stig Frode Solveit Støle	Frp

Andre som møtte	Stilling
Elin Klette	Politisk sekretær
Karianne Finne	Næringssjef

Protokollfører:
Elin Klette

Møtenotat

Informasjon frå Trude Underbakke, leiar i Hardanger og Voss Næringshage AS innleiingsvis.

Bridget Penny, R, kom kl 15.06

Håvard Skattum
Leiar i Utval for kultur og næring

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-02/26	Informasjon til møte i Kraftfondet 9. juni 2026
PS-07/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-08/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-09/26	Kapitalutviding i Hardanger og Voss Næringshage AS
PS-10/26	Samlesak for referatsaker
PS-11/26	Ymse

02/26 Informasjon til møte i Kraftfondet 9. juni 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Kraftfondet 9. juni 2026 kl. 15.00møterom Trå og Skjeldal på Tinghuset.
Møtet vert i samband med møte i UKN.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melda i møteportalen.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Møtet er sett	Håvard	15.00 - 15.05
Generell informasjon frå Trude Undebakke, leiar i Hardanger og Voss næringshage		15.05 - 15.15
Sakshandsaming	Håvard	15.15 - 15.30

Voss 29. mai 2026

Håvard Skattum
Leiar i Kraftfondet

Kraftfond 09.06.2026

Handsaming

KRAFF - 02/26 Vedtak

07/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Kraftfond 09.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke med 8 røyster.

KRAFF - 07/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

08/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kraftfond 09.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke med 8 røyster.

KRAFF - 08/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte, 17. mars 2026, vert godkjent slik den ligg føre.

09/26 Kapitalutviding i Hardanger og Voss Næringshage AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftfondet løyver 100 000 kroner til kapitalutviding i Hardanger og Voss Næringshage.

Kraftfond 09.06.2026

Handsaming

Marit Wæhle, Ap, stilte spørsmål om habilitet i samband med at Voss Resort er med i Hardanger og Voss Næringshage AS

Brigdet Penny, R, stilte spørsmål om habilitet som eigar av medlemsbedrift i Hardanger og Voss Næringshage AS

Terje Eide, INP, stilte spørsmål om habilitet som medlem av Voss sentrum som er medlemsbedrift i Hardanger og Voss Næringshage AS

Kraftfondet aviste samla å handsama spørsmålet om habiletet for dei tre representantane då medlemskap til Næringsshagen og familietilknytning til bedrift som har brukt tenestene til Næringsshagen openbart ikkje gjer nokon inhabile.

Kraftfondet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

KRAFF - 09/26 Vedtak

Kraftfondet løyver 100 000 kroner til kapitalutviding i Hardanger og Voss Næringsshage.

10/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kraftfond 09.06.2026

Handsaming

Kaia Finne gav ei kort orientering om dei to tildelingane som Håvard Skattum og Kaia Finne har gitt delegert vedtak om.

Samrøystes vedteke.

KRAFF - 10/26 Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

11/26 Ymse

Kraftfond 09.06.2026

Handsaming

Kaia Finne gav ei kort orientering på kva som skjer innan næringsfeltet;

- Det er utbetalingar av midlar frå Krafffondet fortløpande
- Invitert alle 9. klassingane neste veka med presentasjon av næringslivet på Voss i Voss kulturhus
- Marknadskampanje knytt til arbeidslivsmesse under Ekstremsportveko
- Siste veka i august - korleis bli betre på rekruttering
- Synfaring Bio Park arealet denne veka

Spørsmål om deltaking i ulike arrangement. Voss Virka har sendt ut invitasjon, Kaia sjekkar opp.

KRAFF - 11/26 Vedtak